

SEMINAR

# SMIJERN I MELLOM- ALDEREN

GAMALT HANDVERK  
NY KUNNSKAP





I 2023 STARTA FORSKINGSPROSJEKTET  
«SMIJERN I MELLOMALDEREN –  
GAMALT HANDVERK, NY KUNNSKAP».  
EI GRUPPE MED KUNSTHISTORIKARAR,  
ARKEOLOGAR OG SMEDAR HAR I  
FELLESSKAP UNDERSØKT JERNET OG  
SMIKUNSTEN FRÅ MELLOMALDEREN.



Ein har mykje kunnskap om jernvinneaktiviteten i Norge i mellomalderen. Det må ha vore mange, dyktige smedar på denne tida, og kyrkja nytta seg av kunnskapen og handverket deira. Men kven var smedane, korleis arbeidde dei, og kvar fekk dei jernet frå?

Det har vore forska og skrive mykje om kyrkjebygga frå mellomalderen, om arkitekturen, treskjeringa og steinarbeidet. Smijernet, derimot, har i liten grad vorte løfta frem. Vi håpar prosjektet og seminaret kan bidra til dette.

Torsdag 14. og fredag 15. mars inviterer arbeidsgruppa og Valdresmusea til seminar på Valdres Folkemuseum på Fagernes. På seminaret presenterer vi nokre av funna frå arbeidet og vi drøftar vidare i problemstillingane.

# TORSDAG

## 14. mars

**09.30** Kaffe, te, frukt og kake

**09.45** Musikalsk innslag

**09.55** Opning ved Ole Aastad  
Bråten

**10.00** **Torill Thømt: Jern og beslag  
frå mellomalderen – ei innføring**

Innleiing ved Torill Thømt, pensjonist og tidlegare direktør ved Hallingdal Folkemuseum og Valdres Folkemuseum. Ho vil gje ein oversikt og ei innføring i beslaga frå mellomalderen, og bakgrunnen for utvalet av beslag til prøver og handverksanalysar.

**10.30** **Kjetil Loftsgarden:  
Valdresjern – overskotsproduksjon  
og handel i vikingtid og mellom-  
alder**

Kjetil er førsteamanuensis ved Kulturhistorisk Museum, Universitetet i Oslo. Han vil snakke om jern som handelsvare i form av emnesjern/barrar, samt førekomsten av jern og bruken av jern i kyrkjebeslag.

**11.15** **Bernt Rundberget:  
Mellomaldersmier og jernanalysar  
– ei oversikt**

Bernt er instituttleiar for arkeologi og kulturhistorie ved Vitenskapsmuseet i

Trondheim. Han vil tematisere smiene og smimiljøa, og han vil presentere metallurgiske analysar og ei oversikt over utgravne smier og funksjonen deira. Kor mange smier og smisentre kjenner vi til? Kven var smedane og korleis kan vi finne ut meir om dei?

**12.00** **Spørsmål**

**12.15** **Lønsj**

**13.00** **Irene Baug: Handel og nett-  
verk i vikingtid og mellomalder**

Irene er forskar i arkeologi ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap ved Universitetet i Bergen. Ho vil snakke om marknaden, og viktige eksportartiklar som gjorde bygdene rike og folket velstående. Men korleis vart varene eksportert, og kor tok dei vegen?

**13.45** **Diskusjon**

**14.00** **Ut på tur! Vi ser på beslaga  
på Hedalen og Reinli stavkyrkjer**

**19.00** **Middag på Valdres  
Folkemuseum**

# FREDAG

## 15. mars



### 09.00 Ida Westermann: Presentasjon av metallurgiske analysar

Ida er instituttleiar og professor ved Institutt for materialteknologi, NTNU. Saman med studentane Sondre Nilsen og Bo Skarland Schønberg vil Ida presentere resultatane av dei metallurgiske analysane. Korleis skal vi forstå resultatane, og kva kan vi bruke dei til?

### 09.45 Introduksjon til smiing i mellomalderen

- Steven Carpenter, kunstsmed: om særskilte trekk i det innsamla materialet.
- Jens Strassegger, smed og restaureringsteknikar ved Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider, og Steven Carpenter: om smitekniske utfordringar og særskilte teknikkar i mellomalder-smiing.
- Kjetil Storeheier Norheim, Norsk Håndverksinstitutt, og representantar frå Hjerleid og Odda vidaregåande skule: om opplæring i mellomalderske smiteknikkar.

### 11.30 Lønsj

### 12.00 Praktiske øvingar

### 13.00 Diskusjon



## PÅMELDING

---

Du melder deg på seminaret via denne lenka:

[booking.duell.no/valdresmusea/standard/event/smijern-i-mellomalderen-gamalt-handverk-ny-kunnskap](https://booking.duell.no/valdresmusea/standard/event/smijern-i-mellomalderen-gamalt-handverk-ny-kunnskap)

### Påmeldingsfrist: 8. mars

Påmeldinga er bindande.

Deltakaravgift kr. 1200,- (NOK)

Deltakaravgifta dekker seminaret og tre måltid (to lønsjar og ein middag).

Overnatting og reise må du dekke sjølv.

Valdresmusea har avtale med Scandic Valdres.

Oppgi Valdresmusea som referanse for å få tilgang til medlemspris.

Støttespelarar: Sørli-legatet, Riksantikvaren, Sparebankstiftelsen DNB, Bergesenstiftelsen, Kulturdirektoratet og Valdresmusea.